



ÅRSMELDING

LESJA

KYRKJELEGE

RÅD

2018

Lesja kyrkjelege råd:

01.01. – 31.12.2018:

Einar Morken (leiar)
Jorunn Einbu Teigen (nestleiar)
Aasmund Kolstad
Audny Bakken
Torbjørn Thøring
Anne-Grete Dalum Tordhol

Kommunal representant:

Liv Enstad

Biskopens representant:

Maria Walfridsson (01.01.-10.08.)
Paul Skuland (11.08.-01.09.)
Per Hallstein Nielsen (01.09.-14.10.)
Knut Nordhaug (15.10.-31.12.)

Inger Karin Stavem
Anne Torsgård
Marit Hole Tynnøl
Katrine Stensland
Jon Olav Løkken

Marita Lindbom

Paul Skuland

Paul Skuland (->11.11.)
Jens Petter Ous (12.11.->)



Lesja kyrkjelege råd har hatt 4 møter, og har behandla 36 saker. Kyrkjeverje er med som sekretær.

I månadsskiftet april/mai, reiste råd og stab på tur til venskapsmenigheten i Marijampole i Litauen. Møte med kommuneleiinga, besøk i barnebyen og omvisning i kultursenteret var noko av det som stod på programmet. I tillegg deltok vi på gudsteneste i den lutherske kyrkja.

Til gjennomføring av turen, fekk råd og stab støtte frå bispedømmerådet (OVF-tilskott til venskapsrelasjonar).

Lesja kyrkjelege administrasjonsutval (partsamansett utval) i 2018:

Audny Bakken	frå kyrkjeleg råd
Einar Morken	frå kyrkjeleg råd
Jorunn Einbu Teigen	frå kyrkjeleg råd
Paul Gunnar Lien	frå dei tilsette
Ola Nørstebø	frå dei tilsette

Partsamansett utval fungerer og som forhandlingsutval.

Kyrkjeverje er fast sekretær i forhandlingsutval og partsamansett utval.
Korkje partsamansett utval eller forhandlingsutvalet har ikkje hatt møte i 2018.

Gudsteneste- og trusopplæringsutval:

Gudsteneste- og trusopplæringsutvalet skal arbeide for eit breidt og mangfalding tilbod av gudstenestar og arrangement i kyrkjene. Utvalet skal og ha fokus på at fleire medlemmar skal ynskje å nytte dette tilbodet.

Utvalet har ansvar for opplæring av dei døypte i den kristne tru. Målgruppa for trusopplæringa er kyrkja sine medlemmar i aldersgruppa 0-18 år.

01.01.-31.12.2018:

Anne-Grete Dalum Tordhol
 Jorunn Einbu Teigen
 Audny Bakken

Einar Morken
 Paul Gunnar Lien
 Fungerande sokneprest

Diakoniutval:**01.01.-31.12.2018:**

Anne-Grete Dalum Tordhol
 Sølvi Marie Johansen
 Elsa Karlsson Traasdahl

Diakon Inger Gravem er med som sekretær

Kyrkje- og kyrkjegardsutval:

Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet skal bidra til at kyrkjene og kyrkjegardane i båe sokn er i slik stand som vi til ei kvar tid ynskjer at dei skal vera, og slik kyrkjelov og regelverk krev. Utvalet utfører sine oppgåver, på vegne av Lesja kyrkjelege råd, og i samarbeid med kyrkjetenarane. Medlemmane i utvalet skal representere kvar si kyrkje/kyrkjegard.

01.01.-31.12.2018:

Jan Magne Bøe	Lesjaskog kyrkje/kyrkjegard
Torbjørn Thøring	Lesjaverk kyrkje/kyrkjegard
Aasmund Kolstad	Lesja kyrkje/kyrkjegard

Arrangementsutval:

Arrangementsutvalet skal bidra til å gjennomføre kyrkjelege tilstellingar som Lesja kyrkjelege råd foreslår.

Utvalet er ei ressursgruppe som og kan foreslå arrangement for rådet, og skal samarbeide med kantor om konsertar og andre kulturarrangement.

01.01.-31.12.2018:

Audny Bakken	Torbjørn Thøring	Marit Hole Tynnøl
Aasmund Kolstad	Aud Bjorli	Jon Olav Løkken

Tilsette

Kantor:	Paul Gunnar Lien	100 % stilling
Kyrkjetenarar:	Ola Nørstebø	80% stilling i Lesja kyrkje
	Steinar Skotte	80% stilling i Lesjaskog/Lesjaverk
	Jørn Sæther	Tilkallingsvikar
Diakon:	Inger Pauline Gravem	100% stilling i Lesja og Dovre
Kyrkjeverje:	Torunn Elisabeth Skotte Stavheim	100% stilling
Prest:	Maria Walfridsson	75% stilling frå 01.01.-30.06.2018
		100% stilling i Lesja og Dovre 01.07.-10.08.)
	Per Halstein Nielsen	100% stilling i Lesja og Dovre
		(01.09.-14.10.2018)
	Knut Nordhaug	100% stilling i Lesja og Dovre
		(15.10.-31.12.2018)

(Prestane er ikkje tilsett i Lesja kyrkjelege råd)

Andre prestar i prostiet har og vore inne som vikarar.

Daniel Johansson hadde tenesteveke annakvar veke i perioden 01.01.-30.06.2018). Paul Skuland og Jens Petter Ous hadde og tenesteveke her i periodar i sommar/haust Jørgen Brandli, Per Anders Hovelsrud og Kari Irene Lien har vore vikar for kantor.

Kyrkjene/kyrkjegardane:

I mai var det dugnad på alle tre kyrkjegardane. Det var bra frammøte på alle tre, og arbeidet gjekk raskt unna. Takk til alle som stiller opp og tek eit tak på dugnadane!

I Lesja kyrkje er det fjerna ein og ein halv benk under orgelgalleriet, slik at det no er lagt til rette for rullestolplassar.

Gjerde kring parkeringsplassen på Lesjaskog skal skiftast ut. Det gamle gjerdet er teke ned, og materiell til nytt gjerde er kjøpt inn, og dette vil bli sett opp til våren.



Sjong

Kapellet har vore brukt tre gonger i år; ei «bestilt» dåpsgudsteneste, ei forordna gudsteneste med dåp, og ei forordna gudsteneste knytt til trusopplæringstiltak. Det vart oppdaga ei taklekkasje i haust, men Ola Nørstebø og Åsmund Einbu var innover og fekk raskt tetta denne. Takk til Åsmund Einbu for arbeidet han legg ned innpå Sjong, og til seternaboane Gunnell Anderson og Jon Olav Løkken som og held eit auge

med kapellet, og stiller opp og hjelp til når det trengst.



Kyrkjestugu

Lesja kyrkjelege råd står for den daglege drifta av Kyrkjestugu.

Forutan framleigeavtale med Vevstugu, har huset vore utleigd til allsangkveld, konfirmasjon, minnesamvær og barnedåp. I tillegg blir huset brukt både i samband med trusopplæringstiltak og konfirmanttimar.

Stell av legatgraver

Kyrkjetenarane plantar og steller på dei gravene det er stell-avtaler. Det er ca 110 graver med stell-avtaler. Frå og med 2017 vart desse tenestene momspliktige.



Konsertar

Kyrkjeleg råd har ikkje arrangert eigne konsertar, men kyrkjene har vore utleigd til andre aktørar.

Palmesøndag hadde Lesja og Lesjaskog sangkor konsert i Lesjaverk kyrkje, saman med gruppa Straum og Kristine Stavheim.

Markens Grøde arrangerte konsert med Sol i skuggeskog i Lesjaskog kyrkje den 10. august.

Lesja barnekor hadde konsert 1. søndag i advent, og i år hadde dei fått med seg Aasmund Nordstoga og Åsmund Reistad på konserten.

Gruppa Rimrose og Dovrefjell disharmoniske selskap hadde julekonsert i Lesja kyrkje den 7. desember.



Lesja og Lesjaskog sangkor hadde sin julekonsert i Lesja kyrkje den 21. desember. Koret kalla konserten «Julekveldsbilete», og i tillegg til Audun Høgbrenna sine dikt, og julesongen med same namn, var Marita Lindbom, Jørgen Torstad, Mette Hole, Oddvar Romundset og Ola Matti Mittigård invitert med for å fortelja om sitt julekveldsbilete. Jan Stavheim var med og las dikt.

Takk til Kjørengrenda musikkforening som spelar på juleftan i Lesja kyrkje.
Takk til Lesja og Lesjaskog sangkor som stiller opp og deltek på gudstenestene på Allehelgen, 1. og 2. juledag.

Økonomi

Kyrkjelova § 15 omhandlar kommunen sitt økonomiske ansvar for drift av fellesrådet.

Lesja kommune er bevisst på at kyrkjer og kyrkjegardar skal vera velstelte og haldast ved like. I 2018 var direkte tilskot til drift kr 2.520 000,-. Fellesrådet har tenestavtale med kommunen tilsvarende kr 219.000. Dette er husleige, føring av rekneskap, lønsarbeid, datautstyr, papir, porto, kontortelefon, graving, brøyting til og ved kyrkjene og bistand ved større restaureringsarbeid.

Hamar bispedømmeråd finansierer inntil 50% av lønnsutgiftene til diakonstillinga, for 2018 utgjorde dette tilskottet kr 386 500,-
Dovre dekkjer 25% av utgifter til diakonstillinga, kr 189 120,-

Frå og med 2010 mottek Lesja trusopplæringsmidlar (sjå under trusopplæring).

Lesja har vald å ikkje tilsetja nokon fast trusopplærar, men heller bruke midlane til å hyre inn enkeltpersonar/lag/foreiningar frå tiltak til tiltak, og i tillegg ha att midlar til gjennomføring av trusopplæringstiltaka.



Lønnsutgifter til diakon har vore dekt fullt ut, og trusopplæringsmidlane dekkjer alle utgifter til trusopplæringstiltaka, i tillegg dekkjer dei noko lønns- og køyreutgifter til øvrige tilsette, og delar av konfirmantutgiftene.

Det har vore brukt minimalt med vikarmidlar i 2018.

Med auka lønnsutgifter, og signal om reduksjon også i framtida, har vi i tillegg tenkt generell innsparing gjennom heile året.

Festeavgift:

Festeavgifta er for tida kr 100,- pr år grav pr. år. Innbetalt festeavgift i 2018: kr 178 000,-

Rekneskapet for 2018 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 168 889,-
Momskompensasjon utgjorde kr 96 982,-



Kyrkjebladet

Kyrkjebladet har eit opplag på 1200 eksemplar. Ca 850 går til innbygds og omlag 200 blir sendt til utanbygdsbuande. Bladet blir og sendt til abonnentar i Canada, Tyskland og Austerrike.

I 2018 vart det innbetalt kr 72 639,- i pengegåver til kyrkjebladet.

Dette er ei auke på kr 6 789,- frå 2017. Kyrkjebladet hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 821,22

Vi får layout-hjelp frå Snøhetta forlag, og bladet blir trykt på Dale-Gudbrand trykkeri. Vi vil rette ein ekstra takk til Ole Martin Sørungård (Snøhetta forlag) for arbeidet han gjer med Kyrkjebladet!

Konfirmantarbeid

Dette året var det 14 konfirmantar i Lesja sokn og 8 i Lesjaskog. Konfirmantane hadde fleire arrangement saman med Dovre, mellom anna temadag, på Tunstugu, med kyrkjelege handlingar som tema.

Dei som skal konfirmerast våren 2019 var på leir i Nordfjord ei veke i juni. Frå Lesja var diakon Inger Gravem og vikarprest Maria Walfridsson med som vaksne leiarar. Rebecca N. Gullhav, Irja Heidsve, Anna Olea Bakken og Therese Nyøygard var med som ungdomsleiarar.

Nettoutgift til konfirmantundervisninga var på kr 50 209,-

Trusopplæring:

Trusopplæringsreformen inneber at det er kyrkja sjølv som skal gjeva tilbod om trusopplæring til alle døypte i aldersgruppa 0 – 18 år. Tilboda skal supplere dei meir tradisjonelle formene for trusopplæring.

Til gjennomføring av trusopplæringsreforma bli vi tilført midlar, ca kr 400,- pr. år pr. døypt barn i aldersgruppa 0- 18 år. I tillegg fekk vi noko utjamningsmidlar i 2018.

Totalt kr 186 520,-

Trusopplæringstiltak som er gjennomført i 2018:

- Dåpssamtale og dåp
- Ingvill Tøndevoldshagen, Elbjørg Eriksen, Alfhild Nordsletten, Randi Mølmen og Dagrun Klungervik broderer dåpsservietter til alle som blir døypt.
- Babysang.
- Utdeling av "Mi eiga kyrkjebok" til 4-åringar. Ungane fekk tilbod om å vera med på ei samling før gudstenesta, der dei bl.a. laga kvar sin sau.
- Utdeling av boka "Tre i eit tre" til 6-åringar.
- 3. klassingene vart invitert til Tårnagenthelg i Lesjaverk kyrkje.
- Utdeling av biblar til 5.klassinger
- Hausttakkefest på Sjong, der 8-åringar var invitert til samling med overnatting.
- Invitasjon til «LysVåken» i Lesjaskog kyrkje, men ingen meldte seg på.
- Kantor Paul Gunnar Lien har jamleg hatt songsamlingar på Blåsenborg, i Lesjaskog barnehage og i Lesja barnehage.



- Barnehagane var på kyrkjebesøk før påske.
- Lesjaskog barnehage var invitert til juletreffest på Kyrkjestugu etter barnehagegudstenesta før jul, og det vart servert bollar og kakao.
- På grunn av kulde, måtte barnehagegudstenesta og juletreffesten på Lesja flyttast til barnehagen.

Kyrjekaffe:

Etter kvar gudsteneste (med unntak av juleftan, 17. mai, konfirmasjon, allehelgen og langfredag), er det enkel kyrjekaffe i våpenhuset, eller inne i kyrkja, med kaffe, saft og twist.

Kaffen gjev oss anledning til å stane opp litt og slå av ein prat – visst vi ynskjer det. Ein kopp kaffe i våpenhuset, eller kyrkja, er med på å understreke fellesskapet i menigheita. Kanskje kan vi gjenskape noko av den gamle kyrkjebakkefunksjonen? Oppslutting og attendemeldingar viser at folk set pris på dette.

Menighetsmøte:

Menighetens årsmøte for 2017 vart halde i Lesja kyrkje den 15. april 2018. Grunna mangel på prest, vart det ikkje noko gudsteneste denne dagen, men årsmøtet vart halde lell.

Andre arrangement:


- I samarbeid med Lesja kommune, vart det arrangert «Lesjakveld» i Lesja kulturhus.
- Askeonsdagssamling for konfirmantane med "faste-kost" og handelsspel på Kyrkjestugu
- Palmesøndagsgudsteneste i Rånå skule, med palmegreiner i prosesjon, pølsegrilling og kaffe.
- Påskefrokost i våpenhuset i Lesja kyrkje, 1. påskedag.
- Pilegrimsvandring frå Valtuva til Lesjaverk kyrkje, søndag 23. september. Hans-Jacob Dahl leia vandringa.



- Sommaren 2018 var det tre gudstenester på Sjong. 24. juni var det dåpsgudsteneste med ca 30 stk. og den 22. juli var det gudsteneste og kyrjekaffe for ca 45 stk. Den 9. september var gudstenesta knytta til trusopplæringstiltak «Hausttakkefest» for 8-åringar.

Til kyrjekaffen vart det servert grønnsakssuppe, laga av 8-åringane, sveler steikt på blåpanne, sjokoladecake og kaffe. Til tross for dårleg vær, kom det ca 50 stk til gudstenesta. Fullt hus, god stemning og mange gode attendemeldingar på arrangementet.

- 50-, 60-, 70- og 80-årskonfirmantar vart invitert til konfirmantjubleum i Lesja kyrkje/Tunstugu og Lesjaskog kyrkje/Kyrkjestugu.
- I samarbeid med Dovre har det vore arrangert «Det gode måltid» på Furukroken, Dombås.
Kulturkveld i samarbeid med Lesja og Dovre dialekt og mållag, der Jogrim Nordsletten synte biletspelet «Lesja kyrkje», og Stein Dahlen heldt foredrag om kva reformasjonen hadde å seie for utvikling av nasjonale skriftspråk. Musikalske innslag ved Kristine Stavheim.
- Søndag 11. november var det avslutningsmarkering for prost Paul Skuland; gudsteneste i Sel kyrkje og kyrjekaffe på Otta hotell.



Litt statistikk:

	Lesja og Lesjaskog	Lesja og Lesjaskog
Kyrkjelege handlingar:	2018	2017
Døpte	21	30
Konfirmerte	22	18
Vigslar	9	2
Gravferder	34	23
Innmeldt	1	4
Utmeldt	1	9
Ofringar:		
Totalt innkome ved ofring	79 871	79 446
Offergåver til eige arbeid	27 819	23 893
Offergåver vidaresendt til andre	52 052	55 553
Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon	23 728	23 197
Gudstenester	60	59
Tal på deltakarar	3 504	3 829

Til slutt ei helsing til alle tilsette, folkevalde og frivilljuge:

Takk for det store og gode arbeidet de har lagt ned i 2018!

Lesja, den 21. januar 2019
for Lesja kyrkjelege råd

Torunn Elisabeth Skotte Stavheim
Kyrkjeverje



REKNESKAPSSKJEMA DRIFT – 2018				
	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap
	2018	2018	2018	2017
Inntekter				
Brukarbetaling, sal, avgifter og leieinnt.	351 602,86	380 000,00	370 000,00	383 496,00
Refusjoner/overføringer	869 494,00	779 000,00	764 000,00	902 525,71
Kalk.inntekt – kommunal tenesteyt.avtale/int.føring	219 000,00	219 000,00	219 000,00	219 000,00
Rammeoverføring/tilskott frå Lesja kommune	2 520 000,00	2 530 000,00	2 600 000,00	2 550 000,00
Andre tilskott, g�ver, innsamla midlar	176 238,61	149 000,00	149 000,00	182 153,00
Sum driftsinntekter	4 136 335,47	4 057 000,00	4 102 000,00	4 237 174,71
Utgifter				
L�nn og sosiale utgifter	2 815 900,87	3 001 000,00	3 090 000,00	2 750 791,85
K�p av varer og tenester	817 614,32	883 000,00	739 000,00	713 676,51
Refusjoner/overføringer	96 984,09	0,00	0,00	83 833,36
Kalk.utgift – kommunal tenesteytingsavtale	219 000,00	219 000,00	219 000,00	219 000,00
Tilskott og g�ver	79 069,24	65 000,00	65 000,00	78 750,00
Sum driftsutgifter	4 028 568,52	4 118 000,00	4 113 000,00	3 846 051,72
Brutto driftsresultat	107 766,95	-61 000,00	-11 000,00	391 122,99
Renteinntekter og utbytte	1 435,99			2 603,22
Netto finansinntekter/-utgifter	1 435,99	0	0	2 603,22
Avskrivninger	92 921,00			92 921,00
Motpost avskrivninger	92 921,00			92 921,00
Netto driftsresultat	109 202,94	-61 000,00	-11 000,00	393 726,21
Interne finansieringstransaksjonar				
Bruk av udisponert fr� tidlegare �r (overskott)	360 925,69	360 925,00		179 094,38
Bruk av disposisjonsfond	44 731,87	30 000,00	0,00	0,00
Bruk av bundne fond	27 888,50	31 000,00	11 000,00	24 837,02
Sum bruk av avsetningar	433 546,06	421 925,00	11 000,00	203 931,40
Avsett til disposisjonsfond	260 925,69	260 925,00	0,00	129 094,38
Avsett til bundne fond	112 934,11	100 000,00	0,00	107 637,54
Sum avsetningar	373 859,80	360 925,00	0,00	236 731,92
Rekneskapsmessig mindreforbruk	168 889,20	0	0	360 925,69

REKNESKAPSSKJEMA BALANSE - 2017		
	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017
Eigendelar:		
Anleggsmidler		
Fast eieendom og anlegg	3 697 642,20	3 604 721,20
Aksjar og andelar	111 120,00	126 689,00
Omløpsmidlar		
Kortsiktige fordringar	534 405,18	581 758,44
Kasse, bankinnskott	3 053 440,62	3 529 968,07
Sum eigendelar	7 396 608,00	7 843 136,71
Eigenkapital og gjeld:		
Eigenkapital		
Disposisjonsfond	1 881 629,58	1 995 154,96
Bundne driftsfond	620 780,87	703 581,39
Rekneskapsmessig mindreforbruk	179 094,38	360 925,69
Kapitalkonto	3 808.762,22	3 731 410,22
Gjeld		
Anna kortsiktig gjeld	906 340,95	1 052 064,45
Sum eigenkapital og gjeld	7 396 608,00	7 843 136,71

Lesja, den 30. januar 2018

Torunn Elisabeth Skotte Stavheim
kyrkjeverge

Rekneskapet er revidert av Innlandet Revisjon IKS, og revisor si beretning er datert og underskrivi den 12. mars 2018